

ÅRSMØTE for SYVDE SOGELAG 17. april 2023 kl. 19.00.

Møtet var annonsert i Synste Møre og på heimesida.

Det møtte 14 medlemmer.

SAK 1: OPPNEMNING AV ÆRESMEDLEM.

Leiaren, Geir Nordal, orienterte om alt arbeidet Olav Opsal har gjort for sogelaget opp gjennom åra. Styret har på styremøte 8.12.2022 bestemt at Olav Opsal vert oppnemnd til æresmedlem i Syvde sogelag. Som synleg bevis fekk han utdelt eit æresdiplom.

SAK 2: DIGITAL SOGEBOK FOR VANYLVEN.

Arild Henden og Gunnar P. Strand orienterte om arbeidet Vanylven har gjort for å digitalisere Ættesoga for Vanylven.

SAK 3: GODKJENNING AV INNKALLING.

VEDTAK: Innkallinga vart godkjend

SAK 4: GODKJENNING AV SAKLISTE

VEDTAK: Sakslista vart godkjend.

SAK 5: VAL AV ORDSTYRAR OG SKRIVAR

VEDTAK: Geir Nordal vald til ordstyrar. Geir E. Sandnes vald til skrivar.

SAK 6: VAL AV TO TIL Å SKRIVE UNDER MØTEBOKA

VEDTAK: Eli Nygård Kjøde og Gustav Landsverk vart valde til å skrive under møteboka.

SAK 7: ÅRSMELDING FOR 2022.

Årsmeldinga vart lesen av Liv ingun Vada.

VEDTAK: Årsmeldinga vart godkjend.

SAK 8: REKNESKAP FOR 2022:

Kasserar Magne Berge la fram rekneskapan for 2022. Rekneskapan var revidert og funnen i orden.

VEDTAK: Rekneskapan for 2022 vart godkjend.

**SAK 9. VAL AV STYRE, MUSEUMSNEMND, VARA TIL HOVUDSTYRE,
SKRIFTSTYRE OG REVISOR:**

VEDTAK: STYRET: Geir Nordal (leiar) – 1 år

Geir E. Sandnes (styremedlem) – 2 år

Eli Nygård (styremedlem) – 2 år

VARA TIL STYRET:

Mindor Gjerde

Laila Gjerde

Magnhild Stranden

MUSEUMSNEMND:

Sissel Myklebust – 2 år

John Myklebust – 2 år

Olav Harald Vik – 2 år

MEDLEMER I SKRIFTSTYRET FOR FOTEFAR:

Asbjørn Lade – 2 år

Olav Opsal – 2 år

REVISOR

Knut Brudevoll – 1 år

SAK 10: NY BYGDESOGE

Det vart diskutert litt rundt korleis ein skal gripe an arbeidet med ny bygdebok.

VEDTAK: Styret får i oppdrag å »utnemne» ei boknemnd og å lage ein slags arbeidsinstruks for denne nemnda.

SAK 11: ARBEIDSPLAN

VEDTAK: Saker å jobbe med framover

- torv på taket gamlehuset
- bygdebok
- maling av gamlehuset
- deltaking på «Kosterikjedagane»
- forteljarkveld

Det vart litt endring på sakliste grunna oppnemning av æresmedlem og inviterte gjestar frå Vanylven sogelag.

Møtet slutt kl 21.00. Geir E. Sandnes – Skrivar -

Sign.

Gustav Landsverk

Eli Nygård Kjøde